

Velkommen til nytt skuleår på Varhaug skule!

Me gler oss til å få alle 523 elevane tilbake til skulen den 17. august. Denne oppstarten vert annleis enn tidlegare år. Skulen vil ha stort fokus på smittevern. For å gjera alt me kan for å unngå spreiding av Covid-19, gjer me mange tiltak:

- Ingen sjuke skal møta på skulen
- God hygiene med hyppig handvask
- Unngår trengsel og store samlingar
- 7. trinn skal ha skuledagane sine i lokale til Varhaug idrettslag
- Maks 2 klassetrinn har friminutt på same tid. Uteområdet er då delt inn i 2 soner, for å halda klassetrinna skilde frå kvarandre.
- 1. og 2. trinn er ute kvar for seg

1. trinn

For 1. trinn startar skuleåret ute. Det er kun ein føresette som kan fylgja eleven til skulen, men de kan i år dessverre ikkje vera med inn. Når alle elevane er komne, går kontaktlærar og elevane inn i klasserommet. Lærarane syter for at elevane kjenner seg trygge. Det vert teke bilete av elevane som kan delast med heimen om de ynskjer.

1A: møter ved flaggstonga utanfor biblioteket

1B: i øvste ballbingen

1C: i nedre ballbinge

1D: ved skaterampa

Alle føresette på 1. trinn må i tillegg sjekka mailen sin før helga.

2. - 7. trinn

For resten av elevane ser me helst at dei kjem til skulen så nær kl. 08.20 som mogleg og går rett til klasserommet sitt. Me vil vera mange vaksne ute for å hjelpa dei på rett plass.

Elevane er fordelte slik:

1. trinn 1. etg høgbygg ved Eikevegen.
Inngang frå parkeringsplassen ved Eikevegen
2. trinn SFO-bygget (der dei var sist skuleår)
3. trinn 1. etg høgbygg ved Eikevegen
Inngang frå parkeringsplassen ved Eikevegen (som sist skuleår)
4. trinn 2. etg høgbygg ved Eikevegen. Inngang frå parkeringsplassen ved Eikevegen
5. trinn 2. etg høgbygg ved Eikevegen. Inngang ved Pilevegen (som sist skuleår)
6. trinn 1. etg brakkene og eit klasserom ved administrasjonen
7. trinn Lokala til Varhaug idrettslag

Me er heldige å har fått med oss nokre nye på laget. Ingunn Høiland (3.), Hildigunnur Sigurbjörnsdóttir (7.), Ludmila G. Alvestad (framandspråk), Ola Tjensvoll (4.) og Ruben Dvergsdal (5.).

Informasjon frå Kolumbus:

Coronapandemien er dessverre ikke over og det er fremdeles svært viktig å holde fokus på smitteverntiltak. Helsedirektoratet publiserte 2.7.20 oppdatert nasjonal veileder for smittevern i kollektivtransport

(<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/smittevern-i-kollektivtransport-covid-19>).

*I veilederen innføres graderte smitteverntiltak (trafikklysmoell), og det er nasjonale myndigheter som bestemmer tiltaksnivået. Tiltaksnivået for hele landet er nå gult. Dette er en oppmykning av tiltakene som har vært gjeldende. (Den 7.7.20 ble det i veilederen tatt inn en presisering for gult tiltaksnivå hvor det fremgår at for kollektivreiser av kort varighet, **f.eks. under en time**, kan den generelle anbefalingen om en meters avstand fravikes.)*

Dette betyr:

- *De reisende kan sitte skulder ved skulder (helst elever fra samme klasse eller fra samme familie), men ikke ansiktet til ansikt.*
- *Fremdørene i bussene vil fremdeles være stengt og første seterad vil være avsperrret.*
- *Det er viktig å informere elevene om at de enten sitter sammen med elever fra samme klasse, eller sammen med søsken.*
- *Håndhygiene er fremdeles svært viktig for å hindre smittespredning.*
- *Det vil ikke være mulig for elever uten skyssrett å følge skoleskyssen, selv om de har gyldig reisebevis.*

Grunnen er at dersom det blir smittespredning blant elever med skoleskyss, skal helsemyndighetene så snart som mulig få oversikt over hvilke elever som har fulgt den aktuelle skoleskyssen.

Helsing

Johan Omland